

Helgedagen

KYRKJELYDSBLAD FOR TIME

NR. 1 - februar 2013 45. årg.



Alltid beredt

side 4



Nytt misjonsprosjekt

side 6



Ungkyrkja i Israel

side 10



Konfirmantar

side 14

Bryne - Time - Undheim sokn

Kyrkjekontoret	tlf. 51 77 03 77
Kontortider: Måndag-Fredag: 09:00 -14:00	
Kyrkjekontoret: Erlandsbakken 6, 4349 Bryne	
heimeside: http://www.time-kyrkja.no	
e-post adresse: kyrkjekontoret@time-kyrkja.no	
telefaks	tlf. 51 77 03 60
Prost: Kjell Børge Tjemsland	tlf. 416 38 048
Sokneprest: Stein Ødegård	tlf. 911 57 105
Sokneprest: Gunnar Frøyland	tlf. 958 73 847
Kateket: Ingfrid Time Nærland	tlf. 970 99 661
Diakon: Torild Egeland Reime	tlf. 911 81 696
Sekretær Bryne sokneråd:	
Elisabeth Obrestad	tlf. 51 77 03 64
Sekretær Time sokneråd:	
Elisabeth Obrestad	tlf. 51 77 03 64
Sekretær Undheim sokneråd:	
Hanne Brit Sandsmark	tlf. 996 26 157
Sekretær: Kari W. Ødegaard	tlf. 51 77 03 77
Sekretær: Siri Vik	tlf. 51 77 03 76
Kyrkjevevjerje: Olav Vegard Søyland	tlf. 51 77 03 69
Konsulent: Tor Aase	tlf 51 77 03 63
Prosjektleiar trusopplæring:	
Jorunn M. Ueland	tlf. 975 07 517

Time

Organist: Oddny Underhaug	tlf. 900 11 178
Kyrkjetenar: Alf Einar Weseth	tlf. 996 19 121
Soknerådsleiar: Karin Lima Friestad	tlf. 476 23 950
Klokkar: Sofie Braut	tlf. 986 55 128
Time kyrkjegard	tlf. 51 48 32 84

Bryne

Kyrkjetenar: Alf Einar Weseth	tlf. 996 19 121
Organist: Per Olav Egeland	tlf. 900 18 708
Klokkar: Leif Andenes	tlf. 909 93 176
Soknerådsleiar: Ruth Stabel Berg	tlf. 938 31 623
Barne- og ungdomsarbeidar:	
Jorunn Pettersen	tlf. 51 77 03 72
Kyrkjelydutviklar: Bjørn Inge Hauge	tlf. 51 77 03 77
Ungdomspastor: Johannes Kleppe	tlf. 95 14 26 02

Lye forsamlingshus

Heimeside http://www.lyeforsamlingshus.no	
Ungdomsprest: Ole Tørring	tlf. 951 78 971
Leiar forsamlingsstyret: Arne Heggheim	tlf. 900 34 326
Administrator Lye: Sigurd Idland	tlf. 466 98 050

Undheim

Sokneprest: Per Børge Hillestad	tlf. 934 42 919
Kyrkjetenar: Hans Undheim	tlf. 900 37 560
Soknerådsleiar:	
Kåre Sigurd Undheim	tlf. 51 48 43 07
Undheim kapell	tlf. 51 48 68 20

Besøk vår nettside:

www.time-kyrkja.no

E-post sokneråda:

Time sokneråd: time@soknerad.no

Bryne sokneråd: bryne@soknerad.no

Undheim sokneråd: undheim@soknerad.no

Til ettertanke

«Å gå den andre milen»

I livet vårt prøver vi å leve etter lovene og reglene som gjelder i samfunnet, og vi er godt fornøydde om vi klarer det rimelig bra. Av og til kan vi komme opp i situasjoner som ikke er lette å løse. Kanskje vi kan lære noe av denne lille historien?



Knut Aalgaard

For mange år siden i en liten kinesisk landsby var det en bonde som opplevde en meget vanskelig situasjon. Rismarken hans lå rett overfor naboens mark. Ris trenger mye vann, og for å få vann til åkeren sin måtte han pumpe det opp med en slags tråsykkelpumpe. Det var hardt arbeid. Naboen trengte også vann til sin åker. Han fant en lettvinnt løsning. Han ødela demningen til bonden slik at vannet rant ned i hans egen åker. Bonden var kristen og gikk til sine kristne venner. «Det er ikke rettferdig», klaget han. «Hva skal jeg gjøre? Fortell meg hva som er den rette handlemåten i en slik situasjon.» De foreslo at han skulle forsøke «å gå den andre milen.» «Hvis vi bare gjør det som er rett», sa de, «så er vi bare unyttige tjenere. Vi må gå lenger enn til det som er rett.» Og så tok bonden fram tråsykkelpumpen sin igjen og begynte å pumpe vann. Om formiddagen pumpet han vann til naboens åker og om ettermiddagen til sin egen rismark. Naboen ble helt målløs av overraskelse. Så begynte han å tenke over saken, og etter en stund besøkte han den kristne bonden og ville vite hva dette skulle bety. Hvordan endte så denne historien? Han ble også en kristen og kunne drikke av "livets vann". En uvenn ble til en god venn, og en dårlig nabo ble en god nabo.



Kineser på tråsykkelpumpe. (Bildet er over 70 år gml.)

Matt 5, 38-41:

«Dere har hørt det er sagt: "Øye for øye og tann for tann." Men jeg sier dere: Sett dere ikke til motverge mot den som gjør ondt mot dere. Om noen slår deg på høyre kinn, så vend også det andre til. Vil noen saksøke deg og ta skjorten din, så la ham få kap-pen også. Om noen tvinger deg til å følge med én mil, så gå to med ham.»

Knut Aalgaard

Ånd fra himlen, kom med nåde

*Ånd fra himlen, kom med nåde,
kom med liv og lys her ned!
La din guddommsmakt nå råde,
Gjør oss vis til salighet!
Livets ord må du foreklare,
så det virker hva du vil.
La oss her dets kraft erfare,
Fyll vår sjel med hellig ild!*

*Herre Jesus, du vår glede,
kom med legedom og fred!
Tal til oss som er til stede,
om din store kjærlighet.
Kom til hvert bedrøvet hjerte
som på syndens byrde bær,
før dem ut av angst og smerte,
tal din fred til sjelen her!*

*Hør vår bønn, all godhets giver,
Fader, Sønn og Hellig Ånd!
Du som var og er og bliver,
rekk nå ut din allmakts hånd!
Kom til gamle, kom til unge
i din kraft og med din fred!
Så skal vi med jubel sjunge:
"Herren er på dette sted!"*

Elevine Heede

Min Salme



Johannes Kleppe

Det er mange salmar eg kunne trekt fram som «min salme» i denne spalta. Valet fall til slutt på ei særs åndeleg vise som inneheld uvanleg mange utropsteikn – ein salme som treffe meg for nokre år sidan, og som eg har blitt veldig glad i. «Ånd frå himlen, kom med nåde» er dikta og komponert av Elevine Heede i 1879. Vi finn han i Norsk Salmebok som nummer 591.

Salmen har ein vakker melodi, er god å syngja og er så direkte påkallande. Teksten har tydeleg adresse til ein Gud som representerer liv, lys, makt, kraft, visdom, nåde, heilag eld, glede, legedom, fred, kjærleik og alt godt.

Teksten skildrar også den allmektige og treeinige Gud som givaren av alt godt. Dette gjer at dei store bønene som salmen uttrykkjer, fell naturleg og kan syngjast med ei sann forventning. Salmen er difor ein lovsong som kan syngast med kollektiv jubel, av unge og gamle som tilber Herren som er komen nær og er tilstade her og nå.

Johannes Kleppe

Korleis har du det...
EIGENTLEG?

Krisetelefon 815 33 300
SOS-Melding: www.kirkens-sos.no

Kirkens SOS
EIT MENNESKE Å SNAKKE MED
NÅR LIVET ER SOM VERST



Gi til NMS – få skattefradrag!



**Det Norske
Misjonsselskap**

BROBYGGER I ORD OG HANDLING

Konto: 8220 02 85030 • Tlf: 51 51 61 00 • www.nms.no

Foto framside: Planetmøte sett frå krossen på Tinghaug av Sverre Ulland

Helgedagen

Utgitt av Time kyrkjelege fellesråd.

Redaksjon: Else-Marie Bue, Liv Helene Øyre Håland, Oddny Underhaug, Ragnar Time, Gunnar Frøyland, Arnfinn Vigrestad, Knut Aalgaard og Gabriel Tengsareid. Layout: Gabriel Tengsareid og Knut Aalgaard.

Trykk: Jærprint. Frivillig kontingent til Time kyrkjelege fellesråd, kontonummer 3212 20 24589. Merk innbetalinga med Helgedagen.

Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret eller med e-post til gabriel.tengsareid@lyse.net /knut.aalgaard@lyse.net og må vera oss i hende innan 21. februar.

Ver vennleg å senda stoff til Helgedagen innan fristen. Neste nr. kjem ut ca. 16. mars 2013.

"Alltid beredt!"



Speidartur til Lio

Bryne KFUK-KFUM Speidergruppe vart stifta i 1989, og dei er knytte til barne- og ungdomsarbeidet i Bryne Kyrkje. Dei yngste, stifinnarar og oppdagarar, er gutar og jenter frå 3. – 5. klasse. Gutane er i stort fleirtal. Dersom 2. klassingane får mor eller far med, kan dei få byrja allereie då. Vandrane er i aldersgruppa 6. – 9. klasse, og dei er for tida berre gutar.

Helgedagen fekk vera med på første samlinga i 2013. Dei yngste, om lag 13 denne kvelden, møtest bak Brannstasjonen, og der var ei flott gruppe på plass. Godt humør og gode smil! Og utstyret såg ut til å vera klart: Gode uteklede, speidarskerf, nokre hadde speidarkniv – og sist, men ikkje minst, lykt. Desse yngste tøffingane er alltid ute, og då er lykta god å ha vinters-tid! Sandtangen er oftast uteområdet deira, og der var det mørkt utanom lysløypene! Første leiken var å lura seg fram

Båten flyt, med speidarleiarar Leif Olav Støle og Asbjørn Stokka som modige testseglarar!

Snart båt - av greiner og presenning!



til eit raudt lys, utan at dei vaksne, som var spreidde utover, greidde å fanga dei! Så flinke dei var til å ta seg fram i terrenget utan å bruka lykta! Då leiar for denne kvelden, Lars Tore Helgeland, spør gruppa kva dei har lært og kva som er viktig i speidaren, er dei ikkje seine med å få opp hendene: lært å laga god mat, fyra opp bål, knutar, ta vare på naturen, førstehjelp. Rekkja er lang, men det kjem og fram at dei har lært å bli gode menneske! "Speidaren er kjempegod! Best!"

Sidan Helgedagen skulle få med seg noko av vandrane si samling også, fekk eg ikkje vera med på resten av det kjekke programmet. Skulle svært gjerne ha vore med heile kvelden, for her var det triveleg! Erling Knutzen, som er flokkleiar for dei yngste, seier at dei har god tilgang på leiarar. Det ser ut som dei vaksne òg kosar seg saman i arbeidet. Gildt for små og store å vera speidarar!

Asbjørn Stokka, vandrleiar, ønskjer velkommen bak Bryne-kyrkja. Der har dei eldste, 6. – 10. klasse, sin base. Dei har og ei "speidarhole" innandørs i kyrkja. Denne kvelden driv dei med teambuilding utandørs, gjennom ulike øvingar lærer dei å stola på kvarandre. Avslutninga hadde dei i "speidarhola" – med kort andakt og speidarbøna til slutt.

På utstyrslista for desse speidarane står det, i tillegg til vanleg speidarutstyr, også fredeleg sinn. Kanskje dei tar dobbel dose, for dei ser i alle fall ut til å ha det gildt i denne gruppa også! Lyst til å bli speidar?

Gå inn på <http://www.brynespeider.no/flokken.asp>

Tekst: LHH
Foto: Asbjørn Stokka

Speidarleiar Jan Erik Brudeli med sine to søner. Bak organist og speidarleiar Per Olav Egeland
(Foto: fått frå Erling Knutzen)



JOTA JOTI, internasjonalt radiotreff



I Speidarhola, Bryne Kyrkje, Foto: LHH



Oppdrag Nord, patruljeførarkurs - fokus på norsk speidarhistorie og leiing



Opprop for stifinnarar og oppdagarar, Foto: LHH



Nattmanøver



Klatredag



Juleavslutning

Kretsleir på Landa



Nytt misjonsprosjekt



Time sokneråd har ei tid diskutert om ein skal engasjera seg i eit nytt misjonsprosjekt. Ein har sett på ulike alternativ, men har no bestemt seg for å satsa på Normisjon sitt jordbruksprosjekt i Ganja i Aserbajdsjan.

Prosjektet starta i 2002 og er i dag ein del av grunnlaget for utviklinga av AzNorAgro sitt resurssenter for landbruk som er under oppbygging i Ganja. Dette er deleigd av norske bønder, og pengane frå Time kyrkjelyd skal vera med å byggja opp eit kunnskapssenter for landbruk med forsøksgårdsdrift i Aserbajdsjan. Landet har framleis store utfordringar i landbruket etter over sytti år med kollektivdrift under Sovjettida.

I praksis skal bøndene i Ganjaområdet læra dyrkingsmetodar for korn og grønnsaker. I tillegg er det viktig å auka kjøt- og mjølkeproduksjonen gjennom kunstig inseminering av genmateriale frå norske storferasar. Karete Fosse, medlem av Time sokneråd, fortel at det var viktig å finna eit "jordnært" prosjekt, og det meiner soknerådet at dei absolutt har funne!

Ja, ein kunne vel knapt funne eit meir passande prosjekt enn dette for Time sokn!

AV

Vil du gi en gave til Normisjon?



Kontonr: 1503.02.13537

Husk å øremerke gaven hvis du vil den skal gå til noe spesielt.

www.normisjon.no

Bibeldagen 2013



Biblar til Kambodsja & Vietnam

Det er lange tradisjonar i dei fleste kyrkjesamfunna og kyrkjelydane for å feire Såmannssøndagen (evt. laurdagen (sabbaten)) som bibeldag i Norge. Dette året var Såmannssøndagen den 27. januar. Det Norske Bibelselskap valde å fokusera på Kambodsja og Vietnam.

Kambodsja og Vietnam har ei fortid prega av krig, undertrykking og forfølgning. Etter Vietnamkrigen var det ei vanskeleg tid for dei kristne med stengde kyrkjer og fengsling av mange kristne leiarar. I dag er kyrkjene i Vietnam i stor vekst og har mange likskapstrekk med kyrkjeveksten i Kina. I Kambodsja blei alle annleis tenkjande forfølgde under regimet til Pol Pot, han som gjorde seg skuldig i eit grovt folkemord. Tradisjonelt har desse to landa vore buddhistiske, men i dag er dei i stor grad opne for formidling av den kristne trua sjølv om mange framleis set kristendomen i samband med USA og vestleg krigføring.

Kristne kyrkjer veks, både på landsbygda og i byane, men dei treng hjelp til å skaffe biblar. Fattigdomen er stor, og berre nokre få har høve til sjølv å betale full pris for ein

bibel. Prestar og andre leiarar i kyrkjelydane treng biblar for å kunne gje nye truande og unge menneske grundig opplæring i kristen tru. Bibelen er sjølv fundamentet for at kyrkjene skal vekse vidare på ein sunn måte.

Pengane som kjem inn i samband med bibeldagsprosjektet, går til:

- Alfabetisering - lær å lese med Bibelen
- Set dei fri - biblar til fengsel
- Biblar til dei fattigaste av dei fattige
- Omsetjing og bibelspreiing mellom minoritetar
- Biblar til ungdom og studentar

Det finst meir stoff om bibeldagsprosjektet på nettstaden til Bibelselskapet www.bibel.no og i bibeldagsutgåva av gratisbladet *Nytt om Bibelen* som Bibelselskapet gjev ut.

Pengegåver kan sendast til Bibelselskapet sin konto 3000.16.16869.

GJENBRUKSBUTIKKEN PÅ BRYNE

HANDEL MED MEINING



NMS sin gjenbruksbutikk er sentralt plassert nær torget på Bryne. Butikken opna i oktober 2009. I dag har NMS 41 slike butikkar kringom i landet, og dei har som mål å utvida talet til 50. Det finst ingen butikkar i Nord-Noreg og heller ikkje i misjonsbyen Stavanger! Kvar butikk har eige budsjett. Frå 1998, då den første vart starta i Sola, er det sendt mange millionar kroner til NMS sitt arbeid! For 2012 vert nettoresultatet ca. 15 millionar.

Helgedagen sin utsende fekk møta Jan Rosland til ein samtale om-kring arbeidet i butikken på Bryne. Jan Rosland fortel at Brynebutikken har satsa på delt leiarskap. Utanom han sjølv er det Aslaug Tveit Berge og Guri Risa som har teke på seg leiaransvaret. Det fungerer utmerka! 35 personar er engasjerte – på ulik vis. Flest kvinner – og dei aller fleste er pensjonistar. Faktisk har dei to spreke 80 åringar som er svært så aktive!



- Kva sel de i butikkken?

I butikklokalet som er på ca. 200m² har me mange ulike varer. Det som går fortast ut, er service, koppar og kar, medan det er møbla som gjev mest pengar i kassa!

- Ja, kor mykje pengar vert det til misjonen, då?

Her frå Bryne har me desse åra sendt over ein million kroner til NMS – noko me er godt nøgde med!

- Er det ikkje vanskeleg med prising av varene?

Jau, Jan Rosland må nok medgje at det ikkje er heilt enkelt – alltid.



Men dei prøver etter beste evne å setja in «fornuftig» pris, og går du rundt i lokalet, vil du finna finna varer som kostar frå 5 til oppmot 5000 kroner. Sjølv fekk eg oppleve dette i 2009 då eg hadde æra, som ordførar, å få klyppa snora på opningsdagen. Då eg skulle gå etter endt oppdrag, fann eg ikkje kofferten som eg hadde ordførarkjede i, og først etter iherdig leiting, fann eg han på

ei hylle – til sals for 45 kr. Litt for billeg, spør du meg!

- Jan Rosland, kvifor vart du med i dette arbeidet?

Etter avslutta yrkeskarriere var det viktig å engasjera meg i noko meningsfullt, noko som hadde med misjon å gjera. Då var dette midt i blinken! Mot-toet for NMS i desse butikkane er: misjon, miljø og møteplass! I tillegg til misjonsdimensjonen er det og viktig at dette skal vera ein stad folk trivst og kjenner seg heime. Det siste fekk Helgedagen sin utsende tydeleg oppleve den timen eg var på besøk. Her kom folk innom – nokre for å handla, nokre for å kikka og sjekka ut om det var komne inn nye varer. Til sist dei som kom for ein kopp kaffi og godt drøs! Alle like velkomne – seier Jan Rosland.

- Har du nokre nyttårsønskje for butikken her på Bryne?

Det må vera at me held fram den fine utviklinga me har hatt desse åra. At folk som arbeider her, trivst og opplever det meningsfullt å vera med i denne forma for misjonsarbeid. Og ein ting til: me treng fleire folk, så berre ta kontakt. Me treng deg – ung som eldre!

Tekst: AV
Foto: GT



PLANETMØTE PÅ STJERNEHIMMELEN

Framsidediletet er tatt av Sverre Ulland i sjutida om kvelden 24. februar 1999 ved krossen på Tinghaug og viser planetane Venus og Jupiter. Dagen før var planetane endå nærmare kvarandre, men då var det overskya.

Nokre gonger kjem dei lyssterke planetane nær kvarandre. I fjor var Venus og Jupiter berre ein tredjedels månediameter frå kvarandre. Dette er dei to mest lyssterke planetane, og møtet skjedde på eit gunstig tidspunkt på døgnet for oss. Derfor fekk hendinga ei viss merksemd med omtale i fleire media (deriblant Dagsrevyen 24. februar 1999).

Det mest kjente møtet mellom to planetar er vel det som fann stad mellom Jupiter og Saturn sju år før byrjinga av vår tidsrekning. Dette var av stor astrologisk interesse på den tida og er av mange astronomar i vår tid sett i samband med bibelforteljinga om Betlehemstjerna. Desse to planetane flytter seg så sakte at dei i dette tilfellet sto nær kvarandre i fleire månader.



Venus beveger seg normalt mykje raskare blant stjernene. Derfor vil eit møte mellom denne og ein annan planet vera kortvarig og mindre eigna til å vera vegvisar for eventuelle vismenn. Nokre religionsforskarar i dag legg likevel ei viss vekt på eit møte mellom Venus og Jupiter som skjedde på kvelden den 17. juni år to før Kristus.

Morgonen den 18. august 2014 vil vera neste gong vi kan sjå dei to planetane i eit nært møte på mørk himmel.

Biletet på framsida stod i bladet Astronomi år 2000 nr. 1. Der kan ein lesa meir om planetmøte på stjernehimmelen.

Ungkyrkja i Israel



Gruppebilde fra Kapernaum

Å reise er å leve. Vi lærer oss nye ting, får oppleve nye kulturer og bli kjent med nye mennesker. Høsten 2012 fikk flere unge og voksne fra Bryne kyrkje oppleve en utrolig reise til det hellige land Israel. Med Johannes Kleppe fra Den Norske Israelsmisjon som reiseleder var vi på reise i 10 dager, og fikk mange opplevelser og inntrykk som vi sent vil glemme.

mange av de Bibelske plassene er det bygget en kirke. I Saligprisningskirken fikk vi høre første del av bergprekenen. Etterpå gikk vi videre til en plass som noen også mener er rett, og som i alle fall var mye mer autentisk. Der fikk vi høre resten av prekenen.

Etter noen dager gikk turen sørover. Landskapet ble tørrere og mer ørkenaktig til mer sørover vi kom. Vi fikk nemlig oppleve å være og å sove i en beduinleir og ri på kameler! Vi fikk et lite innblikk i blant annet hvordan Abraham, Isak og Jakob levde. Det var en veldig hyggelig ettermiddag og kveld i beduinleiren, men vi var i seng nokså tidlig, alarmen skulle allerede ringe klokken 04.00 neste dag. Vekkerklokken ringte, vi pakket alt, fikk te og kjeks. Nå skulle vi bestige fjellet som



Oljeberget - Jerusalem

Det hele startet ved at vi tok et direktefly fra Sola til Tel-Aviv. Her overnattet vi på et hotell ikke langt fra, i Natanya. Etter en meget spesiell innsoving første natta, høylytt israelsk karaokeaften utenfor til 2-tida, sov vi meget godt og hadde en flott frokost med blant annet egen omelettmaker. Den første dagen startet med en engelsk gudtjeneste i Immanuelkirken, som Bryne kyrkje har hatt som misjonsprosjekt i flere år.

Nord i Galilea hørte vi om Jesus som kalte disipler og gjorde under. En av de tingene som var en stor opplevelse, var båtturen over Genesaretsjøen. Vi fikk først se en ny-utgravet båt som var fra Jesu tid, og etterpå gikk vi ut i en nyere trebåt der det var mye lovsang og dans. Ute på Genesaretsjøen skrudde vi av båtmotoren og leste om da Jesus fikk stormen til å stiline. En flott opplevelse på sjøen der dette hendte!

I følge Bibelen holdt Jesus saligprisningene på et sted hvor en kunne se hele Genesaretsjøen, og fransiskanerne har kjøpt et slikt område og bygget en kirke på plassen de mener er rett. Det har seg slik at på



Vandring - Saligprisningens berg

ligger for seg selv i Judeas ødemark, nemlig Massada. Her hørte vi om stedets utrolige historie og vi fikk se en nydelig soloppgang. Et bad i Dødehavet, som ligger like ved, fikk vi også med oss denne dagen. Mange har hørt at du kan ligge på Dødehavet å lese avisen, siden du bare flyter. Dette er helt sant!

Byen som mange fremfor alt forbinder med Israel, er Jerusalem, der det er spesielt mye historie. Vi fikk hele 4 dager i denne vakre byen. Vi startet Jerusalem-opplevelsen på Oljeberget, der Jesus red inn på eselen. Videre fulgte vi i Jesu fotspor gjennom de kjente stedene i påskefortellingen: Getsemane, Via Dolorosa, Golgata og gravhagen.

I løpet av turen vår i Israel møtte vi ulike mennesker med veldig spennende og sterke historier. I Betlehem møtte vi Safa – ei ung, flott jente som var med oss. Hun fortalte oss om hvordan det var for henne å leve i Jesu fødeby i dag. Som palestinsk kristen er man en del av en tradisjon som går helt tilbake til kristendommens begynnelse i nettopp dette området. De palestinske kristne opplever også store vanskeligheter på grunn av konflikten med israelerne.

I Jerusalem traff vi Jenny som er messiansk jøde dvs. en etnisk jøde som tror på Jesus som den Messias det blir profetert om i Det gamle testamentet. De er en liten minoritet i Israel da det store flertallet av jødene ikke anerkjenner Jesus som Messias. Å være en Jesu etterfølger i Israel i dag er ikke lett.

Vi besøkte menigheten Beit Eliahu (Elias Hus) i Haifa som Den Norske Israelsmisjon etablerte. Der vi ble veldig godt tatt i mot av de som arbeidet der. Her fikk vi høre om hvordan de levde med krigsberedskap (og familie i førstegangstjeneste), og menigheten som en familie og ikke som et bygg.

Turen var en helt fantastisk opplevelse! Reisen var et møte med et land med fire klimasoner, variert natur og landskap, historie som strakk seg ut både i tidsrom og ut i verden. Gjennom alt dette vi fikk oppleve, har vi en tro på en Gud som skapte og som er, også i dag. Jeg tror jeg snakker for alle når jeg sier at turen var en utrolig opplevelse!

*Skrevet av Inger Marie Mjøltnes
redigert av Johannes Kleppe*



Båttur

SPA-guttene



Julekreativt i kyrkja



og som av og til får vera hyrdestav for andre. Folk sine erfaringar var illustrert med ulike sålar. Me trør i fotspor som kan vera harde og ubehagelege. Som kan vera mjuke og gode, gamle eller ferske. Alle vil oppleve motbakkar i livet. Men for nokon er desse brattare og fleire enn for andre.

Me såg planteløk med spirande liv- kanskje var dette meiningar som spirer fram?

Me såg jordkloden, tydeleg påverka av menneska, men kledd i livgjevande grønt. Håpets farge. Julerosa kunne me sjå på altaret gjennom ei blanding av knust glas og speil. Knust glas for det som vart annleis enn me håpte. For det som gjekk sund. Me kunne sjå den utsprungne julerosa og oss sjølv glimtvis. Me såg håpet gjennom det knuste.

RT

Krybben

*Alt har du gitt oss Herre
livet er i din hånd
Kjærlichkeit er ditt vesen
lys og forklaret ånd*

*Barnet det krybbefødte
gav du oss og ditt ord
Nåden og kjærlichkeit
over ditt alterbord*

*Menneskebarnet leter
etter de vises sten
Herren har alt i hånden
Herre vår Gud er en*

*Herlige natt som gav oss
Gud og Hans kjærlichkeit
Ordet det krybbefødte
Ordet fra evighet*

*Sjel du er funnet verdig
Himlen har åpnet seg
Hellige natt på jorden
hellig er Herrens vei*

Arnold Eidslott

Dei som var i Bryne kyrkje i julehelga fekk sjå ei kreativt pynta kyrkje. Jula sitt freds- og håpsbudskap var uttrykt på ein "lågmaelt" måte framme ved alteret.

Kristin Kvamme, medlem av ei gudstenestegruppe, hadde laga den tankevekkande presentasjonen. Ho seier til Helgedagen at ho har brukt det ordlause språket til å få fram ei meining eller glimt av meining. Særleg med tanke på at budskapet famnar alle – også dei som stadig kjenner at livet er vanskeleg og som ikkje klarer å ta til seg alt med ein gong. Ho legg vekt på at diktet "Krybben" av Arnold Eidslott har vore til stor inspirasjon. – Dette diktet har vore med meg på vandrainga gjennom heile adventstida, fortel ho.


Utstillinga inviterte oss til refleksjonar om det å vera underveis. Me er alle vandrarar som gjerne treng støtttestav



BARNAS SIDE

Fargelegg

Tegning: Asbjørn Tønnesen




Finn fem feil

De to bildene er nesten like. Finner du de fem feilene på bildet til høyre?



Prikk til prikk

Tegn en strek fra 1 til 2 og så videre. Hva skjuler seg her?



Konsert, fotball og Jesus



Andakt ved Vidar Nisja

Her er nokre bilete frå
då 80 konfirmantar
reiste til Bjerkreim
Cup & Konsert
16.-18. november 2012



Panserjentene frå Bryne



Yolo kids frå Bryne



Konsert med The Afters



Gutane hadde alltid lek med ball



Leik med ball, alltid og overalt



Gjekk godt å sova over 80 i ein gymsal!

Torsdagstreff Bryne kyrkje (peisestova)

21. februar kl 14.30

Jarl Martinsen:

*"Opplevingar frå 'Velferden'
- møte med sjøfolk utanlands"*

Songandakt v/ Kari Ree. Matøkt

21. mars kl 14.30

Gunnar Skadberg:

*"Gustava Kielland
- kvinneforeningenes mor"*

Songstund, matøkt og andakt

18. april kl 14.30

*"Gladpensjonistane" frå Sola:
Kjell og Eldbjørg Stangeland m. fl.*

Matøkt og andakt



"Nytt liv 2013" med Evangeliesenteret

Møteserie i Bryne Frikyrkje
med sterke livsforvandlende vitnesbyrd

Torsdag 7. mars kl. 19.00 Ungdomsmøte Taler: Bjørn Bogen.

Ungkyrkja er med

Fredag 8. mars kl. 19.00 Taler: David Filtvedt

Lørdag 9. mars kl. 19.00 Taler: Bjørn Bogen

Søndag 10. mars kl. 11.00 Gudstjeneste Taler: David Filtvedt

Søndag 10. mars kl. 19.00 Møte Taler Knut Labråten

En stor sentermusikk anført av lovsang-leider i Evangeliesenteret
Olle-Petter Olsen deltar på alle møtene

All kollekt går uten fradrag til Evangeliesenterets arbeid for de utslåtte



BRYNE SØNDAGSSKULE

Stad: Trollongane barnehage, Kjeldev 1, Bryne

Tid: Annenhver søndag kl 10.15

Velkommen til sprell levende søndagsskule med bibelfortelling, sang, lek og aktivitet

Datoer videre våren 2013: 10. februar, 24. februar, 10. mars

Et sted for frihet og forandring

Et samarbeid
mellom Bethania-
stiftelsen, Diakonova
og Normisjon



TRENGER DU NOEN Å SNAKKE MED?

Samtaler kan avtales på tlf.: 467 46 670
eller mail: fermaterogaland@emmaus.no

Besøksadresse: Hoveveien 38, Sandnes
www.fermaterogaland.no

FREDAG I FELLESSKAP

for folk i alle aldrar

Fredag 1. februar 16.30 - 19.00

Møt opp på Lye forsamlingshus!

16.30-17.20 Middagsservering -
barn 20 kr/ vaksne 40 kr/ familie 100 kr

17.30-18.00 Møte i aulaen på Lye skule:

- Hilde Selvikvåg synger
- Hans Egil Hansen har ballongandakt

18.00-19.00 Grupper

OPPDAG DIN GUDGITTE NÅDEGAVE, PERSONLIGE STIL OG UNIKE HJERTESAK
- TIL BRUK I EN MENINGSFULL TJENESTE!

SOM HÅND I HANSKE

RETT PERSON, PÅ RETT PLESS, MED RETT MOTIV, TIL RETT TID

LYE FORSAMLINGSHUS

22.-23.februar 2013

Kursholdere: Lotta og Aril Svartdahl

Arranngør:
Lye Forsamlingshus i samarbeid
med Time og Undheim sokn

Menigheten er et arbeidsfellesskap der vi utrustes til den tjeneste Gud har kalt oss til. Alle kristne har en eller flere nådegaver. Ofte er det en kombinasjon av våre naturgaver, åndsgaver, erfaringer og hjertesaker som avgjør hvilken tjeneste vi skal ha. Nådegavene er derfor det verktøy Gud har gitt oss for at vi skal møte menneskers behov med Hans ressurser.

Kurset "Som hånd i hanske" vil hjelpe deg til å oppdage og frigjøre det potensialet som Gud har gitt deg, og finne den oppgaven som passer best for deg akkurat nå.

Menigheten er kalt til å gjøre godt mot alle mennesker. Skal våre ord ha kraft og vårt liv få betydning for enkeltmennesker og samfunnet, må vår kjærlighet vise seg i barmhjertighet og gode gjerninger. Gjennom menigheten inviteres du til et spennende arbeidsfellesskap som ærer Gud og er til oppbyggelse for andre mennesker! Hjertelig velkommen til kurset!

*Hilsen Lotta og Aril Svartdahl
kursholdere*

FREDAG 22. FEBRUAR
KL. 18:30 - 22:00 Del 1

LØRDAG 23. FEBRUAR
KL. 10:00 - 17:00 Del 2

SØNDAG 24. FEBRUAR
KL. 11:00: Lotta og Aril deltar i Time kyrkje

KURSAVGIFT
450 kroner pr deltaker
100 kroner for skoleelever/studenter
Betales ved registrering fredag kveld.

Kursavgiften inkluderer undervisning,
materiell (verdi 250 kroner), forfriskninger
og lunsj

PÅMELDING TIL KURSET «SOM HÅND I HANSKE»
PÅMELDINGSFRIST 4.FEBRUAR 2013

NAVN (MAKS 2)

ADRESSE

POSTNR/STED

E-POST TLF

PÅMELDING OG INFORMASJON:

Påmelding sendes til Sigurd Idland: si@time-kyrkja.no / 466 98 050



VÅRFEST FOR ALLE OVER 60 ÅR

Lye forsamlingshus
søndag 7. april kl1500

- Kåseri og andakt v/ Nils Garborg Reiten
- Song og musikk
- Innslag av kulturskuleelevar

Det blir god mat, drøs og allsong

Arr: Time diakoniutval



Anne Helene og Bjarte Våge leder kurset

Hun er diakon i Voie menighet og daglig leder i Vågestykket AS. Anne Helene er utdannet sosionom og diakon og har bl.a. arbeidet ved Familierådgivningskontoret i Stavanger. Bjarte er sokneprest i Vågsbygd menighet. Begge har erfaring fra menighetsliv i Norge og sjømannskirker i USA og Spania. De har i vel 20 år ledet kurs, semnariar og hatt konsultasjoner med par og enkeltpersoner.

Hva tidligere deltakere har sagt:

"Jeg var redd for at jeg måtte utlevere meg, men det måtte jeg ikke." "Kurset setter søkelyset på viktige temaer som vi ellers ikke snakker om." "Dette kan alle par være med på uansett kirketilknytning." "Dette øker forståelsen og styrker evnen vår til å snakke sammen." "Alle par skulle unne seg dette." "Dette virker fornyende og bevisstgjørende."

Temaoversikt og tidsrammer for weekendkurset:
Lørdag 10.00-18.00

Velkommen og presentasjon

Tema 1: Å snakke sammen er mer enn å snakke

Tema 2: Seksuallivet - mer enn bare sex

Søndag 10.00-16.00

Tema 3: Mitt hjem – ditt hjem – vårt hjem

Tema 4: Respekten for deg selv og din partner

Pris: 1500 kr pr par

Påmelding til Time kyrkjekontor tlf. 51770377

Mail: diakon@time-kyrkja.no

Arrangør: Jæren og Sandnes prosti i samarbeid med Vågestykket AS



Aktivitet Lye forsamlingshus:

Årsmøte

Mandag 4. mars 1800

Open barnehage - LYKKELITEN

Onsdagar 9.30 - 13.00

Barnekor

Agape (4. - 7. kl.): Annankvar måndag
18.00 - 18.45
Barnegospel (5 år - 3. klasse): Måndagar
17.05 - 17.50

Juniorkro

For 6. - 7. klasse, annankvar fredag
19.00 - 20.30

Ungdom

Fredagskvelden 22.00



Fotland bedehus

Februar

Mandag	4.	Guttelag
Lørdag	9.	Ungdomstreffen
Mandag	11.	Bønnemøte
Søndag	17.	Møte Normisjon
Mandag	18.	Guttelag
Lørdag	23.	Ungdomstreffen
Søndag	24.	Møte NLM
Mandag	25.	Bønnemøte
Tysdag	26.	Forening NMS

Mars

Fredag	1.	Møte Evangelisten
Lørdag	2.	Møte Evangelisten
Søndag	3.	Møte Evangelisten
Mandag	4.	Guttelag
Lørdag	9.	Ungdomstreffen
Mandag	11.	Bønnemøte
Fredag	15.	Bedehusbasaren
Lørdag	23.	Ungdomstreffen

FRELSESARMÉEN BRYNE



Vårfest:

Torsdag 21. februar, besøk av Husets
trekkspillklubb

Søndager:

Kl 10.30 Bønnemøte
Kl 11.00 Gudstjeneste

Tirsdager:

Kl 19.00 Hjemforbund

Annenhver mandag (start 21. januar):
Øvelse i fellesmusikken

Bønnemøter annenhver onsdag.
FABU-klubb annenhver fredag kl. 18.00

Se oppdatert program i Jærbladet hver
fredag



AKTIVITETEN På SARON Våren 2013

Torsdager 19.00 – 21.00

Fra 6. klasse annenhver torsdag:
10.01 - 24.01 - 07.02 - 21.02
07.03 - 31.03 - 04.04 - 18.04

Modellflybygging og simulator, bil og
elektro byggesett.

Velkommen

Misjonsambandet




"Søndags- treff"

Våren 2013

Kl 18.00: Ringleik & allsong + kaffi &
drøs i peisestova i Bryne kyrkja
Kl 19.00: Gudsteneste i kyrkjesalen

Søndag 10. februar
Søndag 10. mars

Ser deg i kyrkja!



ImF Bryne, Saron

1. feb	20.00	Ungd.gudstj.
3. feb	11.00	Gudstj.
3. feb	19.00	Gudstj.
4. feb	20.00	Åpen ledersamling
13-17 feb		Hemsedal
15. feb	20.00	Ungdomscafé
17. feb	11.00	Gudstj.
17. feb	19.00	Gudstj.
19. feb	20.00	Identitetssamling

1. mars	20.00	Ungd.gudstj.
3. mars	11.00	Gudstj.
3. mars	19.00	Gudstj.
5. mars	20.00	Identitetssamling
8-10 mars		Mannsweekend
13. mars	20.00	Årsmøte
15. mars	20.00	Ungdomscafé
17. mars	11.00	Gudstj.
17. mars	19.00	Gudstj.



"BYGGE- KLOSSEN"

SMÅBARNSTREFF

Onsdagar i oddetalsveker 10.00 - 12.00
i peisestova i Bryne kyrkje:

13. februar - 27. februar
13. mars

Program:

- Musikkksamling 10.00 - 10.30
med Per Olav Egeland
- Leik for barna
- Matpakkelunsj (kaffe og te gratis)

Pris kr 10 pr. gong

Har du spørsmål, ta kontakt med
kyrkjekontoret på tlf 51770377 eller
send e-post til:
diakon@time-kyrkja.no

Hjarteleg velkomen!



Skaff deg større alburom

Vi hjelper deg med
påbygg, tilbygg og
renovering. Ring 51 77 91 91 eller 934 35 285.
og be oss ta hånd om hele prosessen.
Sjekk www.byggelaget.no



Fossveien 3, 4370 Egersund
tlf. 51 46 17 00



VI ORDNER ALT I SPEIL, GLASS OG BILGLASS
EK Glassmesterforretning
Einar Knutsen as
Postboks 149, 4349 Bryne

TLF. 51 48 02 11.

DØGNSERVICE 971 78 180



Håland 8-22 (9-20)

Hognestadvegen 90
51 48 79 02



Vesthagen 9, Håland, 4340 Bryne



Forsikringsmegling as



Bryne 8-22 (9-20)

Reveien 13
51 48 50 22



Grødelandvegen 28 - Tlf: 917 30 249

Graving - Transport - Singel -
Grus - Solla jord



Morenefare 5, Bryne, Tlf. 51 48 67 40
E-post: dr@el-team.net, Internett: www.el-team.net



Spar opptil 70%
i fyringskostnader
Daikin varmepumpe med ny nordisk modell.
Vi dekker ditt behov.

REIME & HAUGVALDSTAD
Tlf. 09543 - www.reha.no - post@reha.no



Sjekk ut
vår nye
nettside!

www.israelsmisjonen.no



Bryne Elektriske

Kverneland Bil

Vi tar ansvar!

Eskervegen 7, 4340 Bryne • Tlf. 51 77 82 82



Tryggheimsvegen 13, 4365 Nærbø, Tlf.: 51 43 32 22

Sender på

FM 103.5 - 106.3 - 106.6 - 107.9

Sendetider

Mandag: 08.30 - 09.00/17.30 - 18.00
Tirsdag: 08.30 - 09.00
Onsdag: 08.30 - 09.00/17.30 - 18.00
19.30 - 21.00
Torsdag: 08.30 - 09.00/21.00 - 21.45
Fredag: 08.30 - 09.00/21.00 - 21.45

Jesus Kristus
er i går og i dag
den samme, ja
til evig tid.
Hebr. 13,8.



Fretex Butikksalg

Meierigata 17, 4340 Bryne
Tlf. 51 48 56 50

www.fretex.no . Opningstider:
man/fre kl 10.00 - 18.00
lørdag kl 10.00 - 15.00



I Paulus og Johannes sine fotspor Tyrkia

27. juni – 7. juli 2013



Turteam: Inger Bakke Berge og Arne Berge

Velkommen til Shalomtur til Tyrkia i sommar. Dette blir ein tur med eit samansett og innhaldsrikt program. Vi skal besøka interessante stadar knytt til bibelhistoria og kyrkjehistoria, samtidig skal vi ha flotte naturopplevingar, oppleve spennande byar og ha tid til avslapning på stranda. Inger og eg skal vera reiseleiarar. Vi har også med oss tyrkisk guide.

Arne Berge

Arne er sokneprest i Hinna menighet i Stavanger. Han har tidligere vore sokneprest på Bryne og avdelingsleiar på bispedømmekontoret. Inger er kulturskolelærar og tekstilkunstnar. Arne var tidligare medlem av landsstyret i Israelsmisjonen og er nå medlem av kretsstyret i Stavanger krets.

Eg var med på tilsvarande tur til Tyrkia med Arne eit anna år. Det var ein fantastisk kjekk og lærerik tur med mange gode opplevingar. Eg kan anbefala denne turen.

GT

Sjå: http://www.si-reiser.no/PDF_Shalomturer/side24KF.pdf


Storbyweekend i Budapest

1.–5. mai 2013



Turteam: Jolaug og Paul Odland. Lokalguide i Budapest blir Kristof Ganc, som snakker norsk.

Ungarns vakre og stolte hovedstad ligger på begge sidene av majestetiske Donau, med de høye åsene og borgen øverst på Buda, og Pest med flatene og slettene. Vi skal besøke Helteplassen, Stefan-basilikaen, Buda borg, Fiskerbastionen, og den kjente handlegaten Vaci utca – for å nevne noe. Vi skal også se på misjon og misjonshistorie, og kirkeliv, med gudstjeneste i Budaörs, Gisle Johnson-instituttet og kapellet i Gyarmat utca i sentrum. Og vi skal lære mye om jødernes historie i dette landet, med antisemittisme, andre verdenskrigen og dagens situasjon.

Jolaug er lærer ved Vigrestad barneskole; Paul er misjonssekretær i Israelsmisjonen, Stavanger krets, og har tidligere vært ansatt. både i NLM, ImF og NLA Høgskolen. De bor på Nærbø.

Eg var med på tilsvarande tur med Jolaug og Paul i fjor. Dette var også ein utruleg gild og lærerik tur med engasjerte og dyktige turleiarar. Bli gjerne med på denne turen.

GT

Sjå: http://www.si-reiser.no/PDF_Shalomturer/side23KF.pdf
og <http://www.si-reiser.no/Shalomturer.htm>

SI-REISER For informasjon og bestilling
ring 70 17 90 00

Hus for norske forhold

SAGabo
HUS FOR NORSKE FORHOLD

Jernbanegaten 9, 4340 Bryne
tlf. 51 77 19 60 www.sagabo.no

NMS Gjenbruk
på Bryne

www.pizzabakeren.no

Pizza bakeren

www.pizzabakeren.no

TIME SPAREBANK
- for Jæren

PERSIENNER
LAMELLGARDINER
RULLEGARDINER
PLISSEGARDINER
SCREENDUK
MARKISER
GRATIS MÅLTAK-
ING

Tlf. 473 59 935 - per.hareland@lyse.net

Jærsol as

Kirsch TUNDRÅ
www.jaersol.no

Johansen Elektriske as

Postboks 510 - 4349 Bryne
Tlf: 51 48 01 01

* **Alveland** *

BUNADER
Meierigt. 15, 4340 Bryne
www.alveland.info

TEAM BYGG

JÆREN HOTELL

KIWI mini pris

Bryne Torg tlf. 51 48 16 50

BYGG MESTER
JENS GERLACH SØRENSEN A/S

Bohus

jærTannlegene

Heidi Bøe Honningsvåg | Christian Ø. Hjulstad
Jaertannlegene.no | 51484800

MØBELRINGEN

I. Bjørnsen A/S
Jærv. 250, 4340 Bryne - 51 78 50 20

BØRGE UNDHEIM AS
KYLINGOPPDRETT



Koinonia
KOINONIA BOK OG MUSIKK

Motehuset Bryne Torg
Storgata 10-12 - 4340 BRYNE
Tlf. 51486520

Litlaundheimsvegen 135
4342 Undheim
Tlf 51 48 89 00

Opp til 18 veker gamle kyllingar kan leverast heile året

BLIFADDER!

www.blifadder.no
22 94 26 00 misjonsalliansen

Gjevarteneste

Barne- og ungdomsarbeid i Bryne, kto.nr. 3325.25.07057
"Vi gjev" - diakonalt arbeid i Time kto.nr. 3325.21.30859
Kyrkjelydsarbeidet / Gjevarteneste ungdomsarbeidar, Undheim kto.nr. 3325.21.55657
Undheim kapell - gåver kto.nr. 3325 25 08959
Frøyland-Orstad kyrkjelyd, kto.nr. 3290.60.44179
Kyrkjebygg Frøyland-Orstad kto.nr. 3325.25.09270
Ungdomsarbeidar på Lye kto.nr. 3325.25.04260
Kors på Bryne kyrkje kto. nr. 3325.37.41061
Stikk innom vår heimeside http://www.time-kyrkja.no



Prestetenesta i Time kommune: Tenesteveker med gravferder og vigslar

Til informasjon:

Prestetenesta i Time, som omfattar sokneprest i Undheim, sokneprest i Time, sokneprest i Bryne og prost, er organisert slik at prestane tar kvar si tenesteveke etter ei fordeling. Denne vert planlagt for kvart semester. Fordelinga skal sikre god orden på gjennomføring av gravferder og vigslar, og at prestane får sin rettmesige fri, nødvendig tid til andre førebuingar, struktur på prestetenesta etc. Dei gravferdene og vigslane som vert melde inn til kyrkjekontoret, vert då den presten som har tenesteveke si oppgåve å ta hand om. Dei andre vekene er det altså lagt inn andre oppgåver prestane skal gjere. Dei skal derfor normalt ikkje ta teneste med gravferder og vigslar då.


Kjell Børge Tjemsland,
Prost, Jæren prosti

Vi vil denne gangen prøve med kryssord (løsning neste nummer) og ta opp en tidligere tradisjon med å servere en "passende" vits:

Røde Kors i Molde fikk en dag melding om at to mann sto fast på en berghylle. Det ble straks organisert en hjelpepatrulje med godt utstyr som dro til fjells for å redde de uheldige. De klarte å ta seg fram til en berghylle overfor den hvor mennene sto fast. Hjelpekorps sjefen ropte ned til dem: - Fatt mot, karer! Vi kommer fra Molde Røde Kors Hjelpekorps!
Fra berghylla under kom svaret: - Vi har kjøpt lodd!

KAA

HelgeKryssord av Gabriel Tengsareid



Vassrett

1. Døyparen
5. Bestefar
9. Snora
10. Ein av verdas eldste byar
11. Gass som gir miljøvennleg energi (forkorting)
13. Son av Noa
14. Slingplante
15. Makelaus
16. Tidleg kristen misjonær
19. Person i Israel. Også brukt om Jesus

Loddrett

1. Selskap i jula
2. Mor til profeten Samuel
3. Han refsa kong David
4. Lag av songarar
5. Ein av disiplane til Jesus
6. Sivbåt
7. Tone
8. Uavgjort
12. Dyr
13. Klump
17. Aluminium
18. Ungt entreprenørskap (forkorting)



DØYPTE

BRYNE KYRKJE

11.11.12: Fredrik Lyngdal, Oda Eliassen Bjorheim

17.11.12: Julian Wathne Sundvor, Emilian Hadland Corneliussen, Otelia Brenden, Kamilla Hodne Tveit, Olivia Tjessem Christmas
09.12.12: Magnus Thu

TIME KYRKJE

02.12.12: Lars Haugland, Live Martinussen, Emily Oma

15.12.12: Justin William Espedal Møster, Bryne FK sitt klubbhus

16.12.12: Mie Amalie Bjerga Eskeland, Hanna Lindgård, Gunhild Espeland Fjermestad

25.12.12: Mariell Salte Jørgensen

30.12.12: Tonje Kindervåg Risa, Gry Hustavnes

UNDHEIM KAPELL

11.11.12: Peter Hersdal, Logan Ellis Winkle

25.11.12: Rakel Undheim, Lykke Matilda Undheim Buraas, Maja Borghild Kartevoll

26.12.12: Lucas Brådlund

BORN FRÅ TIME DØYPTE ANDRE STADER

11.11.12: Aline Kydland, Klepp kyrkje

18.11.12: Oda Handal Sør-Reime, Nærbø krk.

25.11.12: Ingeborg Horpestad, Nærbø krk.

06.01.13: Aslak Erga Håland, Klepp kyrkje



VIGDE

17.11.12: Anne Kristine Hodne og Stian Tveit

24.11.12: Arnfrid Helgeland og Johannes Bjelland

01.12.12: Olaug Ree og Stian Espedal

03.01.13: Jodi Frances Larane Warren og Lars Eirik Skrudland

*Vegen tilbake
til Gud*

"For så elska Gud verda at han gav Sonen sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv!" Joh. 3,16

Bøn: Jesus, du veit om mine feil og nederlag. Eg trur at du er Guds son som døydde på krossen. Slik vart ditt blod gjeve for syndene mine. Kom inn i hjarta mitt og livet mitt og gjer meg til eit Guds barn. Eg tek imot deg akkurat nå som min Herre og Frelsar. Eg tek imot di tilgjeving for syndene mine. I Jesu namn. Amen



DØDE

Karen Tjåland, Inger Furenes

Solveig Bekkeheien

Karen Margrethe Sikveland

Truls Munkvold

Inga Helland

Sigrun Helliesen Tjensvoll

Nils Egeland

Helga Rosseland

Biniam Kahsay

Harald Skjæveland

Inge Hadland

3. GENERASJON BEDEMANN
Arild Aase

Aase
Begravelsesbyrå

Reev. 34, 4340 Bryne 917 59 102

24 TIMERS VAKTTELEFON

Obed Bryne
Begravelsesbyrå
www.obed.no

—Jærbyrået

24-timers vakttelefon
tlf: 51 77 80 80

Vi ønsker å bidra til en verdig gravferd

Jæren og Gjesdal
ARKEN
Begravelsesbyrå

Vi ønsker å gjøre tiden etterpå lettere for de etterlatte ved å ta hånd om gravferden. Verdig avskjed, en selvfølge for oss!

Vi er her for deg, når du trenger oss

Døgnvakt 989 98 000

KROGEDAL
begravelsesbyrå

D Ø G N V A K T
51 97 29 00

Våre medarbeidere på Jæren
Runar Apeland, Borgny Å. Skretting
Edvard Helland og Oddbjørg Folde
Kontor: Bryne og Sandnes

STEINAVDELING
GRAVMONUMENT
PLATER

www.krogedal.no

Velkommen til
gudsteneste

**Skyss til
gudstenesta**

BRYNE KYRKJE:
Sverre M. Lima 51 48 21 33

Jonas Frøyland 41 30 04 68

Gabriel Tengsareid 51 48 28 98

Ring før kl 10.00

TIME KYRKJE:
Frode G. Fotland
51 48 71 11 - 90 74 84 03

Dorte Haugland 51 48 70 04

Ring før kl 09.30



**Frå 21. januar – 12. mars vil Bryne kyrkje vera stengd for rehabilitering.
I denne perioden vil Bryne kyrkjelyd vil ha sine gudstenester på Rosseland
skule og i Time kyrkje.**

Søndag 03. februar

Lye forsamlingshus	kl 10.30
Undheim kapell	kl 10.30
Time kyrkje/Bryne kyrkjelyd	kl 11.00

Søndag 10. februar - fastelavenssøndag

Rosseland skule/Bryne kyrkjelyd	kl 11.00
Bryne kyrkje/peisestova	kl 18.00
Time kyrkje	kl 11.00

Søndag 17. februar

Lye forsamlingshus	kl 10.30
Undheim kapell	kl 10.30
Time kyrkje /Bryne kyrkjelyd	kl 11.00

Søndag 24. februar

Rosseland skule/Familiefokus og Bryne kyrkjelyd	kl 11.00
Time kyrkje	kl 11.00

Søndag 03. mars

Lye forsamlingshus	kl 10.30
Undheim kapell	kl 10.30
Time kyrkje/Bryne kyrkjelyd	kl 11.00

Søndag 10. mars

Rosseland skule/Familiefokus og Bryne kyrkjelyd	kl 11.00
Time kyrkje	kl 11.00

Bryne kyrkje	kl 18.00
--------------	----------

Søndag 17. mars Marias bodskapsdag

Lye forsamlingshus	kl 10.30
Undheim kapell	kl 10.30
Bryne kyrkje	kl 11.00

Søndag 24. mars - Palmesøndag

Lye forsamlingshus	kl 10.30
Undheim kapell	kl 10.30
Bryne kyrkje	kl 11.00
Time kyrkje	kl 11.00

Luk. 9,28-36

Gudsteneste. Nattverd
Gudsteneste. Dåp. Nattverd. Diakoniens dag
Gudsteneste. Dåp. Misjonsvindu

Luk. 18,31-34

Gudsteneste. Nattverd. Jungelgjeng
Søndagstreff. Arr. er tilrettelagt for menneske
med utviklingshemming
Gudsteneste. Dåp. Løvegjeng

Mark. 2,18-20

Gudsteneste for små og store. Dåp
Gudsteneste. Nattverd
Høgmesse. Dåp. Nattverd

Luk. 13,22-30

Gudsteneste. Nattverd. Jungelgjeng
Gudsteneste. Nattverd. Løvegjeng

Luk 22,28-34

Gudsteneste. Nattverd. Søndagsskule
Gudsteneste. Nattverd
Gudsteneste. Dåp

Joh. 6,24-36

Gudsteneste. Nattverd. Jungelgjeng
Gudsteneste. Dåp. Dåpsskulen deltek
Løvegjeng
Årsmøte etter gudstenesta
Søndagstreff. Arr. er tilrettelagt for menneske
med utviklingshemming

Luk. 1,39-45

Gudsteneste. Søndagsskule
Familiegudsteneste. Dåp. Dåpsskulen deltek.
Familiemesse. Nattverd. Dåpsskulen deltek.

Joh.12,1-13

Gudsteneste for store og små. Nattverd
Gudsteneste. Dåp
Gudsteneste. Dåp
Gudsteneste. Dåp